
Fra: Anne Lise Molvik
Sendt: onsdag 2. januar 2019 13:53
Til: 'halvor@haugen-vva.no'
Kopi: 'kare@romarheim.no'
Emne: Tilbakemelding på søknad om etablering av veg og VA-anlegg - gbnr 196/4 Midtgård

Til Haugen VVA AS v/ Thor-Henrik Fredriksen

Eg viser til samtale i dag vedkomande saka der vi gjekk gjennom ulike forhold ved søknaden. Vi nemner:

Nabovarsel:

Vi forstår at det berre er planteikningane av tiltaket som er send ut ved nabovarslinga, jf merknad frå Inger Helen Midtgård.

Nabomerknader frå gbnr 195/60 og 69, 195/108 og 185 og 195/107 og 152 er datert mars 2015. Vi forstår at dette er same merknader som er send inn ved handsaming av reguleringsplanen. Vi ber om å få oversend e-post frå avsendar som viser at kva som er oversend i denne saka.

Kommunen legg til grunn at nødvendige privatrettslege forhold er avklart gjennom dei avtalar som ligg i saka og den nabovarslinga som er gjennomført.

Vurdering av rasfare:

I samsvar med føresegn 1.3.1 skal det gjerast ei vurdering av rasfare i planområdet ved søknad om rammeløyve. Skredfarevurdering datert 25.11.2016, gjennomført av Sweco, viser at det er område som kan koma i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi ber om at det vert vurdert om tiltak er nødvendig i forhold til det arbeidet som er søkt etablert.

Murar

Det følgjer av føresegn 1.4 at murar som er høgare enn 2,0 meter skal terrasserast. (Utegløymde dette i samtalen.) Omsøkt mur ved start av ved o_SKV1 er oppgitt til inntil 3,0 meter. Av teikningane går det fram at muren ikkje skal terrasserast. Det må anten søkjast om dispensasjon frå føresegn 1.4 eller så må tiltaket endrast i tråd med reguleringsføresegnene.

Med helsing

Anne Lise Molvik | Rådgjevar på byggjesak

E-post: anne.lise.molvik@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 56 40

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no

